



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv R

---

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-8/2017

Vår ref  
17/3605

Dato  
31.08.2017

### **Statsbudsjettet 2017 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2017. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2017 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 19. oktober 2017. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2016
- Saldert budsjett 2017 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2017

I hovudbudsjettsskrivet for 2018 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2017 innan 31. juli 2017. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 24. november 2017. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 20. november 2017.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2017 vil etter planen verte fremja i statsråd 1. desember 2017.

Med helsing

Frode Tarjei Selman e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Richard Gjertsen  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*